



Den lovande kornettist Vegard Døssland med instrumentet sitt.

Vegard Døssland (14) frå Korsnes i Uskedalen har no fått melding om at han blir med i den endelege besetningen i HUBB neste sesong.

Han var førre helga med på samling med Hordaland Ungdoms Brass Band som den første kvinnhering nokon gong. HUBB har 35 medlemmer frå heile fylket og fem sluttar denne sesongen på grunn av alder.

Den lovande kornettisten har spela på instrumentet sitt i seks år og delteke i korpstreff, konkurransespeling (to gonger i NM) og ikkje minst i sommerkursa til NMF i tre år. Men mest har han nok lært i kulturskulen, der Clive Andersson har vore instrumentlæraren hans.

Vegard synest det var svært inspirerende å få vera med på samlinga og konserten etterpå. Han håpar at fleire i skulemusikken og Kvinnherad elles kan verta inspirert til å prøvespela. Dessutan har han god tru på at det vert fleire frå kommunen alt på neste samling til hausten – blant dei som sender inn opptak av prøvespel no.

Av Ola Matti Mathisen